

Ferist for folk flest

Turgåarar som ikkje lukkar grinda eller som trakkar ned gjerdet er eit klassisk problem i landbruket. Gjerdeklyvaren har blitt ein suksess. Ferista frå Karmøy kan bli ein revolusjon.

Bv

Sjur Håland

På prestegarden på Avaldsnes på Karmøy står prototypen på ein gjerdeklyvar eller ferist i særklasse. Aluminiumsrøyra i botn hindrar dyra i å forsere gjerdet, medan turgåarar tar seg lett gjennom. Her byr ikkje barnevogn eller rullestol eller vonde kne på større problem. Skulle det vere skiføre, vil turgåaren suse gjennom ferista utan å ein gong tenke på å klemme ned nettinggjerdet for å kome forbi.

Nyvinninga er eit samarbeid mellom bonde og oppfinnar Ragnar Vikingstad, det kommunale føretaket Industripartner Karmøy og det nystarta firmaet Agrus. Utgangspunktet har vore eit brukarvenleg produkt tilpassa samfunnet sitt behov for universelle utformingar for alle brukargrupper - også ute i naturen.

Ein av initiativtakarane, Eivind Espeset, fortel til Bondevennen at ferista vil eigne seg særleg godt i folketette område der folk flest ferdast.

- Ein vanleg gjerdeklyvar kan fort verte ei vel stor utfordring, sjølv for personar med mindre handikapp. Vår modell er tilpassa alle som ferdast ute i naturen.

Ferista kan leverast flatpakka og setjast rett på bakken i ei opning i gjerdet utan graving eller andre tilpassingar. Gjerdet kan så enkelt festast til sidene på ferista.

Espeset fortel at det er søkt om designbeskyttelse for produktet, som vert sett i produksjon i desse dagane. Prisen er ikkje klar enno. Produksjonsomfanget vil vere med å bestemme prisnivået. Produktutviklarane på Karmøy håper også på å få Fylkesmannen med på ei sponning av ferista



Ferist eller gjerdeklyvar?

Produktutviklarane frå Karmøy lover enkel montering, minimalt vedlikehald og tilgjenge for alle, også for dei som av ulike årsaker ikkje kjem over ein vanleg gjerdeklyvar.

for dei som vil auka tilgjengen til naturen med denne ferista.

- Auka tilgjenge for alle med den helsevinsten det medfører bør vere i samfunnet si interesse, meiner Espeset, som ikkje ser vekk frå at produktet også kan freiste kundar utføre landegrensene.

Kvinner og styrearbeid

Rogaland Bygdekvinnelag støtter opp om Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland sitt samarbeid med Universitetet i Stavanger om kurset Kompetanseprogram i styrearbeid.

- Vi har ei målsetjing om å auke tal kvinner i styra i landbruket sine organisasjonar og bruker vårt organisasjonsapparat til å informere kvinner om dette tilbodet, påpeikar leiaren i Rogaland Bygdekvinnelag, Anne B. Kyllingstad overfor Bondevennen.

Samarbeidsrådet oppmoder særleg kvinner til å søkje kurset som gir 15 studiepoeng.

- Kurset er eit ledd i vårt langsiktige arbeid med å ruste opp framtidige konsernstyremedlemmar frå Rogaland med fagleg og praktisk kompetanse, seier sekretæren i Samarbeidsrådet for landbruksorg-



Landbruket treng fleire kvinner rundt styreborda. Illustrasjonsbiletet er frå eit kurs i Felleskjøpet Rogaland Agder.

anisasjonane i Rogaland, Olav Sande. I fjor gjennomførte fem kvinner og fire menn kurset.